


BJERKREIMS NYTT



**INFO TIL BJERKREIMBUEN
NOVEMBER 2021**

**KOMMUNEHUSET:**

Tlf 51 20 11 00
Månd.-fredag kl 08.00-15.00
www.bjerkreim.kommune.no

BIBLIOTEKET:

Tlf. 51 45 93 20
biblioteket@bjerkreim.kommune.no
Måndag 15.00 – 19.00
Tysdag 14.00 – 18.00
Onsdag 14.00 – 18.00
Torsdag 12.00 – 15.30
Fredag 12.00 – 15.30

DIM-RENOVASJON:

Returpant glass/hermetikk finn du ved kommunehuset. Mottak av avfall frå hushaldningar og landbruk på Vikesdalsmoen gjenvinningsstasjon kvar onsdag kl 11-18. Dersom onsdag er heilagdag eller dag før heilagdag er det stengd. Produksjonsavfall må leverast på Svåheia.

FORSIDE:

Sopp. Foto: Øystein Vassbø

NESTE NUMMER:

Stoff til neste Bjerkreimsnytt må vere inne før tirsdag 16. november kl. 24.00. Bladet kjem ut seinast torsdag 25. november. Skriv kort! Om du vil sende bilete, legg dette i eiga fil. Innsendt stoff kan bli redigert. Send til postmottak@bjerkreim.kommune.no. Ferdig blad kan lastast ned frå heimesida til kommunen.

UTGJEVAR:

Bjerkreim kommune

KONTAKTPERSON:

Ingunn Ognedal

TRYKKING:

Jærprint

ANSVARLEG:

Kulturkontoret

GRAFISK FORMGIVING:

Elisabeth Vikeså

VIKESÅ TAXI
51 45 19 00



ORDFØRAREN SITT HJØRNE



HEI, GODE SAMBYGDINGAR!

Så nærmar det seg november. Ei mørk fin tid. Det gir moglegheiter for å nyta tida saman rundt eit bål, eller framføre omnen saman med dei du er glad i. Det er fint å sjå lys i dei fleste husa i Bjerkreim. Eg såg nyleg eit program frå Sverige der grender og bygder var bortimot avfolka. Der stod det rønner etter rønner til

forfall. Slik sett er vi heldige som tar i bruk heile landet, og heile kommunen. Nokon lurar sikkert på korleis det går med gjenreisinga av skulehuset i Ørdsalen. Det tok tid med etterforsking, forsikringsarbeid mm. Men nå har i alle fall eg fått i hende skisser av nytt bygg, med spennande innhald. Prosjektgruppa skal snart ha møte igjen. Håper vi får fortgang i arbeidet med gjenreising av møteplassen for ei av grendene i kommunen der det framleis er lys i dei fleste husa.

Bjerkreimsmarken gjekk av stabelen siste helga i september. Må få takka alle som bidrog til arbeidet med å gjenreisa marken i år etter eit år med Covid pause. Svein Oskar Wigestrandsklara seg godt som general. Og vi fekk eit kjempeflott arrangment både med tanke på besøkande, men også sal som rapporterast inn som bra. NM i saueklypping fekk òg mykje merksemd. Flink saueklypparar. Gode lokale kandidatar hevda seg godt.

Årets TV-aksjon går til Plan sitt arbeid mot barneekteskap. Dette er eit viktig arbeid som aksjonen i år samlar inn pengar til. Håper Bjerkreimsbuen var gavmilde med bøssebærarar som kom på døra.

Nå er høyringsrunden på reguleringsplanen på Ny E39 Ålgård – Bue i gang. Gi innspel på prosjektet. Du finn informasjon på Bjerkreim kommune sine nettsider under Plan, bygg, eigedom - Planinfo.

Vi er også mitt oppi førebuingane til budsjett for komande år. Det blir spennande å følgja utviklinga i den nye regjeringa om kva for utslag dette vil ha for Bjerkreim. Det er i alle fall positivt at stortingsfleirtalet nå begynner å innføra produksjonsavgift på vindkraft. Det gir handlingsrom for Bjerkreim framover.

Med ønske om ein fin novemeber månad.

Kjetil Slettebo

POLITISKE MØTE

Innkallingar/protokollar finn du på kommunen sine heimesider:
www.bjerkreim.kommune.no

Kommunestyre:	Tysdag 2.11 kl 19.00 – budsjettpresentasjon
Kontrollutval:	Måndag 15.11 kl 14.00
Fellesrådet:	Torsdag 18.11 kl 13.00
Ungdomsrådet:	Torsdag 18.11 kl 18.00
Gruppemøter:	Måndag 22.11 kl 19.00
Formannskap:	Tysdag 23.11 kl 13.00
Levekårsutval:	Onsdag 24.11 kl 13.00
LMT-utval:	Onsdag 24.11 kl 19.00

INFLUENSAVAKSINE

Influensavaksine blir gitt 28. oktober og 1. november i Bjerkreimshallen. Me ønsker at så mange som mogleg vert vaksinert mot influensa. Tilbodet er ope for dei som ønsker, men er spesielt retta mot dei som bur eller arbeider i Bjerkreim, eller har fastlege ved Bjerkreim legekantor.

TRENG IKKJE PÅMELDING TIL INFLUENSA-VAKSINE:

Du kan møte opp utan timeavtale på ein av desse dagane om du skal ha influensavaksine:

Torsdag 28. oktober kl 07-17
Måndag 01. november kl 07-17

Det er særskilt tilrådd at følgjande grupper vert vaksinert mot influensa.

- Beboere i omsorgsboliger og sykehjem
- Alle fra fylte 65 år
- Gravide i 2. og 3. trimester, og gravide i 1. trimester med annen tilleggssisiko
- Prematurt fødte barn, særlig barn født før uke 32 i svangerskapet, fra 6 måneder til 5 år
- Barn og voksne med:
 - kronisk lungesykdom (inkludert astma),
 - hjerte- og karsykdom (annet enn velregulert høyt blodtrykk)
 - diabetes type 1 og 2
 - leversvikt eller nyrsvikt
 - kronisk nevrologisk sykdom eller skade, spesielt personer med nedsatt lungekapasitet og/eller hostekraft
 - nedsatt immunforsvar som følge av sykdom eller

behandling av sykdom (f.eks. organtransplanterte, kreft, HIV, reumatoid artritt og andre sykdommer)

- svært alvorlig fedme (KMI over 40)
- annen alvorlig og/eller kronisk sykdom der influensa utgjør en alvorlig helserisiko, etter individuell vurdering av lege (f.eks. personer med medfødte kromosomavvik, genetiske syndromer og sammensatte kromosomavvik som ikke er klassifisert annet sted)

I tillegg anbefales influensavaksine til:

- Helsepersonell og andre ansatte i helse- og omsorgstjenesten som har nær kontakt med pasienter ved behandling eller pleie
- Personer som bor sammen med (eller er tilsvarende nære) immunsupprimerte
- Svinerøktare og andre som har regelmessig kontakt med levende griser.

Pris: Dei som tilhører målgruppa betaler 50 kr i eigenandel, men får vaksinen gratis om dei har frikort. Øvrige personar betaler 200 kr for influensavaksine.

Betaling med bankkort, kontant eller VIPPS.

Kva må du ha med?

Legitimasjon og eventuelt medisinaliste. Ta gjerne med stadfesting frå arbeidsgivar, dersom arbeidsgivar skal betala vaksinen. Vaksineringskjøring i regi av Bjerkreim legekantor og Bjerkreim kommune

Andre dager kan også være aktuelle. Du kan bestille tid til koronavaksine på <https://timebestilling.remin.no/bjerkreim>. Trenger du hjelp til bestilling, kan du ringe 51 20 11 65.

HUSK at det skal være minst en uke mellom influensavaksine og koronavaksine.

KORONAVAKSINE

Den 11. oktober sendte kommunen ut SMS til innbyggere over 65 år med tilbud om en 3. dose Pfizer-vaksine mot COVID-19.

MERK at den 3. dosen ikke kan gis før det har gått 6 måneder etter 2. dose.

Vaksinasjonsdager blir 10. og 11. november og 8. desember i Bjerkreimshallen.

RINGEVIKARER

Vi trenger flere ringevikarer ved omsorgssenteret og Miljøtjenesten. Er du interessert i å arbeide med mennesker så ta kontakt på mail med :

Omsorgssenteret: Ellen C. Vikeså
Mail: ellen-cecilie.vikesa@bjerkreim.kommune.no
Anja Gystøl Mail : anja.gystol@bjerkreim.kommune.no
Miljøtjenesten: Bjørg B. Tengesdal
Mail: bjorg.tengesdal@bjerkreim.kommune.no

SE VIDEO FRA 1980 – OG 90 – TALLET!

Ny, digitalisert video er lagt ut på kommunens hjemmeside. Du finner videoen under kultur – digitaliserte videoer: «Portrettintervju Tønnes Ivesdal (1999)»

INNSATSPREMIER

Kom med forslag på kandidater innen 1. nov. til postmottak@bjerkreim.kommune.no

OFFENTLEG SYMJING

Ope i symjehallen på Vikeså skule kvar laurdag frå 23.10 tom 18.12. Maks 15 personar i kvar badegruppe for vaksne, maks 25 pr gruppe på familiebadning. Gratis adgang. Hugs badehette. Bleiebarn må bruke badebleie. Telefonnummer for å reservere plass i badegruppene: 404 44 955
Opningstider:
Kl 10.00 – 10.45 Vaksne over 18 år (Garderobe frå 09.45)
Kl 10.45 – 11.30 Vaksne over 18 år
Kl 11.30 – 12.15: Familiebadning
Kl 12.15 – 13.00: Familiebadning
Kl 13.00 – 13.45: Familiebadning

Lister vert lagt ut i gangen frå kl 10.00 for å reservere plass på dei ulike gruppene. Du kan gjerne møte opp utan å ha reservert plass på førehand, men alle må registrere seg før dei går i garderoben. Bur du langt frå bassenget og har vanskar med å kome innom på førehand, så kan du ringe badevaktane og reservere tid.

VESTLANDSVEGAR

Onsdag 24. november kl 19.00 kjem Halvor Folgerø til biblioteket for å fortelja om den nye boka si Vestlandsvegar.

Dette skriv Folgerø sjølv om boka: *Boka mi, «Vestlandsvegar, spektakulære og farlege vegstrekk», kjem ut på Samlaget 14. oktober. I boka fortel eg historier om 12 utvalde vegstrekk/område på heile Vestlandet. Desse gamle, svingete og ofte forhatte vegane, er i dag stort sett erstatta av tunnellar. Men dei ber på mange dramatiske historier. Nokre enda godt, andre gjorde det ikkje. I boka fortel eg om bygginga av desse vegane, som ofte var ein jobb med livet som innsats. Men mest handlar det om dei som måtte køyre på vegane, og kva dei har opplevd. Boka er rikt illustrert, med både nye og gamle bilete.*

Eitt kapittel handlar om Austrumdalsvegen i Bjerkreim. Den smale vegstripa under overhengande fjellhamrar var skummel, spesielt på vinteren. Og fram til vegen vart forlenga over til Ørsdalen 70-talet var han vinterstengd. Dei som budde på gardane på innsida, var isolerte. På Grøtteland måtte fem søstre flytte ut på «hybel» saman med mor si på vinterstid, for å kunne gå på skule. Steinsprang, isnedfall og utrasing var ein del av kvardagen. Eg har intervjua to av søstrene, Synnøve og Kari, og sogelags-mannen Per Spødervold, som kjenner historia om vegen godt.

Intervju med Synnøve Grøtteland Helland

Gratis inngang. Velkomen!

HØYREAPPARAT

Treng du råd og vegleiing i bruk av høyreapparat? Vi er å treffa på Coop Ekstra siste torsdag kvar månad frå kl. 10.00 til 11.00. Marit K Bråten (92628426) og Toril O Songe (93262477).

Likepersonar HLF.

INTERNASJONAL KVINNEGRUPPE

Velkommen til uformelt treff på lærerrommet på Vikeså småskule onsdag 10. november kl. 18.30 - kl. 20.30.

JILLE LØRDAG

Jille lørdag er et tilbud til ungdom fra 7. trinn og oppover. Vi har spill og diverse kioskarer, samt voksne som har oppsyn med ungdommene hele kvelden.

Sted: Skjeraberget kl 19.30.

Datoer for høsten er 30/10, 13/11, 27/11, 11/12.

OBS- endringer kan forekomme.

For mer info, se facebook-siden "Jille lørdag".

RIDDER ASKE MØTER DRAGEN OG TROLLET

Familieforestilling på biblioteket 2. november 17.30.

BYGDEKVINNELAGET:

Strikkekveld/prematurstrikk

tirsdag 9. november. Vi samles i Lions rommet som ligger i underetasjen på Samfunnshuset kl. 19.00. Har du lyst å lære å strikke? Åpent for alle.

Bygdekvinner deler matglede

Tradisjonsmatkurs onsdag 17. nov. kl 18.00 "Dessert og søte fristelser" på Bjerkreim skule. Påmelding til Liv Karin tlf: 91729184 (16 plasser, første mann til mølla) Sponset av Gjensidige stiftelsen.

Bakekurs med

Bygdekvinnelaget

"Franske makroner" på Bjerkreim skule, onsdag 1. des. kl 18.00. (8 plasser) Påmelding til Liv Karin tlf: 91729184. Første mann til mølla. Medlemskveld Bygdekvinnelaget. Adventskos med utlodning og grøt. Torsdag 9. desember kl 19.00 på Samfunnshuset. Trenger du skyss, gi beskjed. Vi henter.

GRATIS PC-KURS FOR SENIORER

Gratis PC-kurs for seniorer i kommunestyresalen på Vikeså! Gjennom to kursøker får deltakerne en enkel innføring i å skrive e-post, bruke nettbanken, søke på internett, tekstbehandling og innlogging med bank-ID. Ta med eget utstyr, for eksempel bærbar PC, nettbrett eller smarttelefon (og eventuelt bankbrikke). Utstyret bør ikke være

eldre enn fem år gammelt. Kurset deles inn i to kursdager: tirsdag 23. november kl. 10:00-13:00 og torsdag 25. november kl. 10:00-13:00. For påmelding, ring eller send SMS til Olav Engelsgjerd på 90699409. Sted: Kommunestyresalen på kommunehuset, Nesjane 1, 4389 Vikeså.

Arrangør: Bjerkreim kommune



JULEGRANTENNING

Sted: v/Kulturbanken

Tid: lørdag 27.11 kl 18.00!

(Merk: lørdag i stedet for vanligvis fredag, pga stor konsert i Bjerkreim kyrkje fredagen!)

Vi teller ned til lysa i juletre og julegate tennes. Gang rundt juletreet, forsangere og musikk fra Bjerkreim kulturskole. Salg av mat v/ BIL Håndballgruppe, ute på bålpanner eller inne i Kulturbanken alt etter været. (Salg av mat fra kl 17.30, pause i matsalg fra kl 18.00 – 18.20 mens vi går rundt juletreet) Kle deg gjerne ut som nisse!

Arr: Bjerkreim kommune

ONSDAGSKLUBBEN 3G

Godt humør, godt kledd, godt miljø! Onsdag 3. nov. Endra turmål til ny tursti, oppmøte ved Esso eller Grindabygget v/Bjerkreimshallen kl 10.00

Ta med niste og sitteunderlag. Onsdag 1. des.: startar advent med tur til Bodil og Nils Heskestad i Lund. Opplevelser og historier i og rundt garden Hellern. Pga. matservering: Påmelding innan 25. nov. til Olaug tlf. 95730476. Pris kr 200,- pr. stk.

Arr. Fellesrådet for eldre og funksjonshemma

KULTURDAGEN

Sted: Bjerkerim Samfunnshus

Tid: Søndag 28.11 kl 14.00- 16.30

Dørene åpnes kl 13.30

- Nå tenner vi det første lys, v/ andreklassinger fra Bjerkreim kulturskole.
- Hege Bjerk m/ band.
- Dansere fra Bjerkreim kulturskole.
- Bjerkreim Brassband
- Salg av mat v/ «Polengruppa» 9. trinn
- Nisser med godteposer.
- Salg av julekranser.
- Pepperkakeutstilling fra barnehagene.
- Utdeling av innsatspriser og kulturpris 2021.

KONSERT MED RITA FOTLAND

Velkommen til konsert med Rita

Fotland på Bjerkreim omsorgssenter
tirsdag 9.11 kl 11.00.

Gratis adgang, åpent for alle.

*Arr: Bjerkreim kommune og Den kulturelle
spaserstokken*

PENSJONISTLAGET - GILDT SAMVÆRE

Torsdag 25. november kl. 14.00.

Merk datoene, i samfunnshuset
lillesalen.

Oddmund Bruntland fortel om tida
si som prest i Nord-Norge
Musikk og utlodning.

Det vert og påmelding til julemøtet
som vert den 11. desember kl. 1300.
Dette året på Vikeså Misjonshus.
Alle over 60 velkomne. Takk til SR-
bank for sponing av husleiga.

BJERKREIMSQUIZEN

Årets siste: Onsdag 17. nov kl.19.30
på Vikeså Veiservice. Quizmaster:
Ola Birkeland Startkontingent
kr.30,- pr.pers – 4 mannslag

JULEMØTE HAGELAGET

Demo av advent- og juleoppsatser/
kranser hos Anne Rita Gudmestad
Tirsdag 23. nov kl 19:00
Det blir riskrem, julekaker, kaffe og
utlodning. Inngang kr. 100,-
Alle velkommen.

Arr. Bjerkreim hagelag

ÆTTESOGELAGET

Om jødiske landsmenn under krigen,
og dei «Hvite busser»

Torsdag 4. nov. kl 19.00 på

Kommunehuset på Vikeså
Christian Fredrik Uhl, (barnebarn
av Johan Uhl som var prest i
Bjerkreim 1927-1959) fortel om om
jødane som gøymte seg i Frafjord
under krigen, og om arbeidet som
reiseleiar på «Hvite busser», som
tek med ungdomar til dei tidlegare
konsentrasjonsleirene i Polen og
Tyskland. Han viser og bilete. Etter
matpausen høyrer me på opptak
med Lars Vinningland og Gjertrud
Hårberg som fortel om daglegliv
under krigen. Og eit opptak der
Astrid Merkesdal blir intervjuet om
arbeidet på Gamleheimen i 1950 og
60-åra.

SALMEBOKA – MINUTT FOR MINUTT 2021

Fredag 12. og laurdag 13. november
gjenopplever vi Salmeboka – alle
vers som blei gjennomført første
gong i 2017. Alle advent- og
julesongane til og med nr. 72 blir
framførde av solistar, grupper og
kor, og alle syng med på det dei kan.
På fredag blir Helge Gudmundsen
med. Det var han som hadde ideen
til salmemaratonen i NRK, truleg
den største sakte-TV-suksessen
av alle. Helge Gudmundsen blir
programleiar heile kvelden. Han har
eit opplegg der han knytter minne
og historier til dei enkelte songane.
Fredag 18-20. Laurdag 16-20. På
laurdag blir det same opplegget som
sist slik at ein kan koma og gå når
ein vil. Fredag ynskjer vi helst at
dei fleste blir med heile tida, men
det blir lagt inn ein liten pause. Alle
songar skal framførast melodisk.
Velkommen!

Arr. Bjerkreim syngjande kommune.

LYS OVER LAND

Dagleg leiar Eivind Flåen talar
på Bjerkreim Bedehus onsdag
3. november kl.19.30. Song av
Monika Vassbø. Han deltek og
på «Lørdagskveld på Bedehuset»
6.november kl.18.00

VIKESÅ MISJONSHUS NOVEMBER 2021:

- 03. kl 20.00 Bønnesamvær
- 05. kl 20.00 Fredagsklubben
- 08. kl 19.00 Yngres og Korvetten
- 10. kl 14.00 Bingo Helselaget
- 10. kl 19.30 Samtalemøte
- 14. kl 10.30 Søndagssamling
- 16. kl 19.30 Logos
- 22. kl 19.00 Yngres og Korvetten
- 28. kl 11.00 Gudstjeneste

BJERKREIM BEDEHUS NOVEMBER 2021

- 1. kl. 18.30 Gutte- og jentelaget
- 3. kl. 19.30 Møte Lys over land
- 5. kl. 19.00 Basar NMS
- 6. kl. 18.00 Lørdagskveld m/
kveldsmat
kl. 18.45 Møte Lys over land,
barnesamling
- 8. kl. 19.00 Yngres
- 14. kl. 11.00 Endelig søndag, NLM
kl. 11.20 Søndagsskule
- 15. kl. 18.30 Gutte- og jentelaget
- 16. kl. 19.30 Logos på Vikeså
- 19. kl. 19.30 Møte Israelsmisjonen
kl. 20.00-23.00 Fredagstreff
- 22. kl. 19.00 Yngres
- 27. kl. 18.00 Lørdagskveld m/
kveldsmat
kl. 18.45 Møte NLM,
barnesamling
- 28. kl. 11.00 Endelig søndag
kl. 11.20 Søndagsskule
- 29. kl. 18.30 Gutte- og jentelaget

BASAR

Basar på Bjerkreim bedehus fredag
5.nov. kl. 19:30.

Tale ved Sverre Jakobsen. Song av
Tirla. Hovudtrekking og årsal, med
m.a.kransekaker. Velkommen.

Arr. Bjerkreim NMS

Nasjonalforeningen
for folkehelsen



BINGO

Onsdag 8. september kl 14.00 i
Peisestova på Vikeså Misjonshus.

Arr. Bjerkreim helselag

DUKAR

Helselaget leiger ut kvite dukar.
Kontakt Ingbjørg Vassbø, tlf. 51 45
22 37/486 03 535



VELKOMMEN TIL PLANLAGDE GUDSTENESTER:

Søndag 7. november kl. 19.30.

Minnegudstjeneste i Bjerkreim kyrkje
Diktlesing v/Kjersti Stendal Bjerkreim,
song v/Bjerkreim syngandekameratar

Søndag 14. november

IKKE gudstjeneste i soknet

Søndag 21. november kl. 11.00.

Familiegudstjeneste i Bjerkreim kyrkje
Lys Vaken helg

Søndag 28. november kl. 11.00.

Gudstjeneste på Vikeså Misjonshus

DØYPTE:

03.10.21 Theoline Gjedrem

DØDE:

30.09.21 Magnus Sundvor

UTDELING AV 2-ÅRSBØKER!

Me vil ha ei samling for 2-åringane (født 2019) der me vil dele ut bøker og leikelam, høyra bibelhistorie, synge og eta vaflar og frukt. Det skjer laurdag 6. november kl. 10 – 11.30 i Bjerkreim kyrkje.

NB: Vi sender ut invitasjoner til kirkens medlemmer i de aktuelle målgruppene, men alle er velkomne til våre trosopplæringstiltak, uavhengig av medlemskap i kirken. Ønsker du å komme med på mottakerlisten, ta gjerne kontakt med oss!

Viss trua var ei årstid, kva for ei årstid ville det ha vore for deg?

Kanskje litt som våren? Med ei lysegrøn von? Der stadig nye idear og tankar om livet og trua plutselig dukker opp og byrjar spire? Og du gleder deg over det nye, det unge, det yre.

Eller kanskje du er litt som sommaren? Med ei tru som har klåre kraftige fargar? Tida for det som er i full bløming, det vaksne trus-livet kan du sei, med dei svale vindane og livet på det gjevne.

Eller kanskje trua di er litt som hausten? Der frukta er fullmogen og kan haustast og delast med andre? Der fargane er alt frå grådige gult til mørkt og blodraudt? Hausten er også tida der vindane gjerne bles, og ein kjenner ein lever og ser at trua tåler storm.

Eller kanskje trua er litt som vinteren? Litt sånn «lagt i dvale»? Vinter-trua er kanskje litt for den som synes livet til tider er kaldt, men som likevel kan varme – mest som elden frå peisen,

eller som hender som held rundt ein kopp med varm sjokolade.

Viss trua var som ei årstid: ville du leita fram andre bilete? For min eigen del kjenner eg meg litt igjen i heile året. Eller med at trua sine ulike sider vekslar med livet sine mange valører.

Eg byrja tenke på dette ut frå teksten i Bibelen sjå Forkynnaren 3, der det står at «alt har si tid». Ja, alle tider har Han lagt ned i oss. Då eg var ung var tanken om at trua faktisk skulle klare å bere meg gjennom livet, mest som ein teori. Men no når eg er sånn omtrent midt i livet, har eg erfart: det er sant! Trua ber! Det Jesus gjorde, det held! Det følger livsmeistring, livstolkning, trygghet og styrkje å ha Jesus som ankerfeste for livet. Eg legg livet som enno er framføre meg trygt i Herrens hender.

Soknepresten

CONNECT!

Alle 7. klassinger er velkommen til et nytt bibelgruppekonsept som starter opp 4. november. Konseptet er et samarbeid med bedehuset og misjonshuset. Påmelding og mer info her: tinyurl.com/connect-bjerkreim

LYS VAKEN

Laurdag 20. og søndag 21. november er det duka for Lys Vaken i kyrkje. Då får alle på 4. trinn høve til å feira «nyttår» i kyrkje, vera lys vakne for kvarandre og for Gud! Alle 9-åringar (født 2012) i soknet er hjarteleg velkomne. Påmelding her: tinyurl.com/bj-lysvaken

SØKNAD OM OFFER FOR LOKALE LAG

Soknerådet tildeler offer for 2022 i desember 2021. Frist for å søkja om offer er 30. nov.

«SYNGJANDE KOMMUNE» - PROSJEKTET

Bli med og syng advents- og julesongane fredag 12. nov. og laurdag 13. nov. i Bjerkreim kyrkje. Lokale songkrefter deltek. Fredag kjem Helge Gudmundsen, primus motor bak salmeboka alle vers. Sjå meir info på side 5

OPA KYRKJE ALLEHELGENSDAG 7. NOV.

Bjerkreim kyrkje er ope frå kl 17.30 dersom nokon vil kome inn og setje seg ned, tenne eit lys og ha eit freda stund. Alle er velkommen til minnegudsteneste frå kl 19.30.

JULEKONSERT

26. november kl 17.30
Maria Arredondo, Torstein Sødal, Gaute Ormåsen, Christian Ingebrigtsen og Tine Thing Helseth held julekonsert Bjerkreim kyrkje. Sjå plakatar og annonser for meir info.

ENORM INTERESSE FOR AVLØYSARKURS!

Interessen for å vera med på avløysarkurs slår alle rekordar. Heile 26 ungdommar frå Bjerkreim og 10 ungdommar frå Gjesdal er påmeldt. Oppstart er 19. oktober i Gjesdal og 20. oktober i Bjerkreim.

Rekruttering av nye avløysarar er viktig for å sikra bøndene tilgang til kvalifisert arbeidskraft til ferie og fritid, sjukdomsavløysing m.m.

Dette lovar godt for framtida.

*Arrangør: Bjerkreim og
Gjesdal Landbrukstenester SA*

GJERDEKLYVAR

Treng du ein eller fleire gjerdeklyvarar langs dine turstiar, ta kontakt med oss og søk om tildeling. Her er link til søknadsskjema: <https://www.bjerkreim.kommune.no/tjenester/naring-landbruk-og-miljo/landbruk/tiltak-pa-eigedommen/gjerdeklyvar/>

Søknaden kan leverast eller sendast elektronisk til postmottak@bjerkreim.kommune.no

Når du har fått godkjent søknaden hjå oss, kan du henta klyvaren gratis hjå Uninor.

PLANTEVERN KURS VÅREN 2022

NLR-Dalane arrangerer dette på Landbruks-senteret på Helleland:

- **Fornyning av autorisasjonsbevis:**
Kveldskurs med undervisning Måndag 14. og torsdag 17. februar kl. 18.30.
- **1. gongskurs:** Torsdag 10., 15. og 17. februar kl. 18.30 og laurdag 19. februar kl. 9.00 - 14.15

Påmelding og meir info hjå NLR Rogaland på 970 14 117, birgitt.harstad@nlr.no eller <https://rogaland.nlr.no>



INFORMASJON

Når du trenger **fotograf, innramming** eller hjelp til noe **forelatert...**
Vi benytter alt fra **120 år gamle kamera** til dagens moderne **digitale løsninger.**



Han med hatten

..til hverdags og fest, fra 1851 til i dag

Følg oss på hanmedhattenfoto

Les av med mobilkamera

Hanmedhatten.no | post@hanmedhatten.no | 900 20 955

PITTERGARDEN VIKESÅ

415 14 836, 481 81 804

Ull produkter, håndverk

Lokaler med særpreg:

Årsmålsdager, events, konserter.

Inn på Tunet "Trygg med hest", for barn

Arkitekter MNAL, NIL. www.arkaarberg.no. Tlf 481 81 804



Gitar og Handverk DA



Vi leverer blomsterdekor på bestilling,
gitarreperasjoner og rekvisitasalg.

Heiavegen 70, 4389 Vikeså Telefon 900 18 689/952 37 450
www.gitaroghandverk.no

ADVOKAT1

ADVOKAT MONICA SOLBERG-LEINEBØ

Alminnelig praksis.
Åpent etter timeavtale på «Malerloftet», 4389 Vikeså
Tlf 924 69 775/ 4000 3150
solberg@advokat1.com, www.advokat1.com

Bjerkreim
legekontor
51 20 43 30

www.bjerkreimlegekontor.no

Vask hendene
og ta vare
på kvarandre!

coop
Vikeså

coop
byggmix

EXTRA

coop
prix

Extra Vikeså

Man-Fre 07.00-22.00 Lør 08.00-21.00

Coop Byggmix / Landbruk

Man-Fre 08.00-18.00 Lør 09.00-16.00

Coop Prix Bjerkreim

Man- Fre 08.00-21.00 Lør 09.00-20.00

coop



Eigersund
Dyreklinikk

Telefon 51 49 13 04

VELKOMMEN TIL
KLINIKKEN
PÅ NYTORGET 3!

Heste- og stordyrpraksis Tore Malmei 900 59 222
Kontortid: 08.00 - 09.30

Dyrlege Marit Brevik, Vikeså
Spesialistkompetanse på tannsykdommer
hund og katt

Timebestilling 95141920



Kiropraktisk behandling av dyr
Kastrering og sterilisering
Kirurgi
Digital røntgen
ID-merking
Vaksinering
Tannbehandling

Vikeså veterinærkontor

Vakt telefon alle dyr • Tlf. 51 45 21 65

ÅPENT TIL KL 22.00 HVER DAG



ESSO

VIKESÅ
VEISERVICE AS

4389 VIKESÅ – Tlf: 51 45 97 00

- Kafé
- Turistinformasjon
- Fiskekort m.m.

VELKOMMEN INNOM!